



SELJE KOMMUNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebok

Møtedato: 14.02.2011

Møtetid: Kl. 13:00 – 15:30

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 001/11 - 008/11

Følgjande medlemmer møtte

Per Sandviknes, Marita Aarvik, Harald Hansen, Solfrid Honningsvåg, Kenneth Brandal

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Ingen

Følgjande varamedlemmer møtte

Ingen

Følgjande frå administrasjonen møtte

Konsulent Svein Barmen, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Det vart vedteke å handsame 4 tilleggssaker:

005/11 Omsorgsbustader - Oppfølging og vedlikehald

Ved gjennomgang av referata i sak PS 002/11 vart desse sakene sett opp som tilleggssaker:

006/11 Utlysing av tilskotsmidlar - Gradering og merking av turløyper

007/11 Flytting av kommuneadministrasjonen

008/11 RFF - Samarbeid med brukarorganisasjonar - Fellesmøte 2011

5 voterande

Saker og referat vart handsama i følgjande rekkefølge:

Sak 001/11

Sak 002/11 – ref. 1, 2, 3, 4 Medlem Harald Hansen fråtrådte møtet – 4 vot.. Ref. 5, 6, 7, 8, 9.

Sak 006/11

Sak 007/11 Medlem Marita Aarvik fråtrådte møtet – 3 vot.

Sak 008/11

Sak 003/11

Sak 004/11

Sak 005/11

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Godkjenning av møtebok
002/11	Referatsaker
003/11	Årsmelding 2010 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
004/11	Legekontor i Selje kommune - Oppfølging av budsjetthandsaming 2011 - KS 078/10
005/11	Omsorgsbustader - Oppfølging og vedlikehald
006/11	Utlysing av tilskotsmidlar - Gradering og merking av turløyper
007/11	Flytting av kommuneadministrasjonen
008/11	RFF - Samarbeid med brukarorganisasjonar - Fellesmøte 2011

Tilleggsaker: 005/11, 006/11, 007/11, 008/11

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	001/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/125
--------------------------------------	---------------	----------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte (dato) vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

5 voterande

RFF-001/11 VEDTAK

Møteboka frå møte 19.11.10 vert godkjent slik den ligg føre
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	002/11

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/124
--------------------------------------	---------------	----------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	11/592	I	03.02.2011	Adm.utvalet	Vedkomande eldre arbeidstakarar som treng tilrettelegging. Adm sak 002/11- referat 4.
2	11/589	I	03.02.2011	Helse og omsorg	Møteplass med utgangspunkt i regionale koordinerande einingar - Delavtale mellom Selje kommune og Helse Førde HF
3	11/313	I	21.01.2011	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Utlysing av tilskotsmidlar - Gradering og merking av turløyper
4	11/197	U	14.01.2011	Helse- og omsorgsdep.	Fråsegn til nasjonal helse og omsorgsplan 2011-2015, ny folkehelselov og ny kommunal helse- og omsorgslov.
5	11/593	I	03.02.2011	Kommunestyret	Budsjett 2011 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
6	11/591	I	03.02.2011	Ordførar	Møteplan 2011 - RFF

7. Kommuneplan Samfunnsdelen – Orientering / Deltaking - temadel.

8. RFF – Samarbeid med brukarorganisasjonane – Fellesmøte 2011

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

5 voterande

Tilleggsreferat:

9. Rådmannen: Orientering om flytting av kommuneadministrasjonen

Harald Hansen forlet møtet etter handsaming av referat nr. 6

4 voterande

RFF-002/11 VEDTAK

1. Teke til vitande.
2. Teke til vitande.
3. Vert å handsame som eiga sak – 006/11.
4. Teke til vitande.
5. Teke til vitande.
6. Teke til vitande.
7. Teke til vitande.
8. Vert å handsame som eiga sak – 008/11
9. Vert å handsame som eiga sak – 007/11

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	003/11

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-210, TI-&14	Arkivsak 11/114
-------------------------------	-------------------------	--------------------

Årsmelding 2010 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.02.2011	Årsmelding RFF 2010.pdf	23534

Saka gjeld

Kvart år skal det leggjast fram årsmelding til kommunestyret som syner rådet si verksemd i året som er gått. Meldinga skal mellom anna omtale kven som har vore representantar, dei saker som har vore handsama og dei råd og føresegner som er gjevne og kva saker rådet har teke opp av eige initiativ.

Opplysningar til saka

Rekneskap over rådet si verksemd vert lagd fram i møtet

Lover/regelverk

Reglement for rådet

Saksgang

Rådet gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Årsmeldinga vert godkjend

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

4 voterande

RFF sitt korrigererte rekneskap for 2010 vart utdelt i møtet.

RFF-003/11 VEDTAK

Årsmeldinga vert godkjend
Samrøystes.

Utskrift til:
Kommunestyret
Ordførar
Rådmann



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	004/11

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-614, FA-G00	Arkivsak 10/726
-------------------------------	-------------------------	--------------------

Legekantor i Selje kommune - Oppfølging av budsjetthandsaming 2011 - KS 078/10

Saka gjeld

Del av vedtak i KS 078/10:

Legekantor på Stadlandet.

Tilbodet til legeteneste for folket i Selje Kommune skal ivaretaast frå 2 legekantor, legekantoret i Selje og av legekantoret på Stadlandet.

Det er i årets budsjett avsett kr. 250.000,- på investeringsbudsjettet.

Kommunestyret bed rådmannen opprette ei prosjektgruppe som kan gjennomgå og kome med utarbeidd kostnadsoverslag over dei nødvendige arbeid som må utførast ved det to kontora.

Opplysningar til saka

Lover/regelverk

Mandatet for rådet:

”Rådet skal vere høyringsinstans i plansaker der ålmenta har tilgang”

Sakshandsamar si vurdering

Rådet bør uttale seg eventuelle planar om bygningsmessige endringar ved legekantora før dei vert sette i verk

Konklusjon

Saksgang

Rådet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rådet bed om å få tilsendt eventuelle ombyggingsplanar ved legekantora for uttale.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

4 voterande.

RFF-004/11 VEDTAK

Rådet bed om å få tilsendt eventuelle ombyggingsplanar ved legekontora for uttale.

Samrøystes.

Utskrift til:

Kommunalsjef Helse og omsorg Åse Elin Hole



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	005/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FE-	11/219

Omsorgsbustader - Oppfølging og vedlikehald

Opplysningar til saka

Saka vart teke opp som tilleggssak i utvalet.

Saksgang

RFF gjer vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

4 voterande.

Saka kom opp som tilleggssak.

RFF har fått tilbakemelding om at ansvarstilhøvet mellom utleigar og leigetakar er uklart.

RFF-005/11 VEDTAK

RFF bed om at det vert ført tilsyn med bygga for å få avklart ansvarstilhøvet mellom utleigar og leigetakar.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Kommunalsjef Helse og omsorg Åse Elin Hole



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	006/11

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-233	Arkivsak 11/63
-------------------------------	-----------------	-------------------

Utlysning av tilskotsmidlar - Gradering og merking av turløyper

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	21.01.2011	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Utlysning av tilskotsmidlar - Gradering og merking av turløyper

Opplysningar til saka

Viser til sak PS 002/11 – referat nr. 3.
Utvalet vedtok å handsame referatet som eiga sak.

Saksgang

RFF gjer vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

4 voterande.

Saka kom opp som tilleggssak.

Framlegg frå RFF:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne bed om at kommunen prioriterer 2-3 område som vert tilrettelagt for funksjonshemma. Til dømes Vestkapplatået, Tilkomst til ei sandstrand, Tilkomst til Hovden, Tilkomst Flødevatnet

Framlegg frå RFF vart samrøystes vedteke.

RFF-006/11 VEDTAK

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne bed om at kommunen prioriterer 2-3 område som vert tilrettelagt for funksjonshemma. Til dømes Vestkapplatået, Tilkomst til ei sandstrand, Tilkomst til Hovden, Tilkomst Flødevatnet

Samrøystes.

Utskrift til:
Formannskapet
Ordførar
Rådmann



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	007/11

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-612	Arkivsak 11/217
-------------------------------	-----------------	--------------------

Flytting av kommuneadministrasjonen

Opplysningar til saka

Viser til sak PS 002/11 – tilleggsreferat - nr. 9.
Utvalet vedtok å handsame referatet som eiga sak.

Saksgang

RFF gjer vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

4 voterande.

Saka kom opp som tilleggssak.

Framlegg frå RFF:

- 1.Råd for menneske med nedsett funksjonsevne reknar med at forskrifter om universell utforming vert følgt.
- 2.RFF bed om å bli invitert på synfaring på byggeplassen, slik at byggeprosessen kan eventuelt påverkast før bygget vert teke i bruk

Framlegget frå RFF vart samrøystes vedteke.

RFF-007/11 VEDTAK

- 1.Råd for menneske med nedsett funksjonsevne reknar med at forskrifter om universell utforming vert følgt.
- 2.RFF bed om å bli invitert på synfaring på byggeplassen, slik at byggeprosessen kan eventuelt påverkast før bygget vert teke i bruk

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Prosjektleder - Flytting kommuneadministrasjonen, Åse Elin Hole



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2011	008/11

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-033, TI-&10	Arkivsak 11/122
-------------------------------	-------------------------	--------------------

RFF - Samarbeid med brukarorganisasjonar - Fellesmøte 2011

Opplysningar til saka

Viser til sak PS 002/11 – referat nr. 8.
Utvalet vedtok å handsame referatet som eiga sak.

Saksgang

RFF gjer vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 14.02.2011

Marita Aarvik forlet møtet etter handsaming av sak 007/11
3 voterande.

Saka kom opp som tilleggssak.

Framlegg frå RFF:

Tema for møtet: Kommuneplanen – Samfunnsdelen.
Målgruppe: Ein bed primært inn kommunale representantar for brukargruppene.
Tidspunkt: 14. mars – RFF si møtetid

Framlegg frå RFF vart samrøystes vedteke.

RFF-008/11 VEDTAK

Tema for møtet: Kommuneplanen – Samfunnsdelen.

Målgruppe: Ein bed primært inn kommunale representantar for brukargruppene.
Tidspunkt: 14. mars – RFF si møtetid

Samrøystes.

Utskrift til:
Organisasjonane

